



GISKE KOMMUNE



GISKE
KOMMUNE

OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN 2018-19

**Dok.dato 01.05.2018 Vedtatt: Giske kommunestyre 14.06.18 – k.sak019/18
Neste revisjon: 05-2019 - Revisjonsansvarleg: Beredskapskoordinator**

INNHALD

1.	LOVVERK.....	3
2.	STYRINGSDOKUMENT	4
3.	ORGANISERING AV BEREDSKAPSARBEIDET	4
3.1	beredskapsleiing	4
3.2	Kriseteam.....	6
3.3	beredskapsråd	6
4.	ETABLERING AV BEREDSKAPSLEIING	7
4.1	beredskapsleiinga sine oppgåver.....	7
4.2	Sette stab.....	8
4.3	Samarbeidsorgan for beredskapsleiinga	8
5.	BEREDSKAPSLEIINGA SINE FULLMAKTER OG ØKONOMISK ANSVAR.....	9
5.1	Fullmakter.....	9
5.2	Økonomisk ansvar	9
6.	SAMARBEID OG SAMORDNING AV TILTAK VED KRISER	10
6.1	Ansvarsdeling m.o.t. politi, LRS og fylkesmann	10
6.2	Kommunale innsatsorgan.....	10
6.3	Eksterne organisasjonar	11
6.4	Planrevisjon og samordning	11
6.5	Årshjul.....	12
6.6	Bruk av CIM.....	13
7.	ROS – ANALYSAR	13
7.1	Registrering av risiko og sårbarheit	14
7.2	Mål og strategiar for prioriteringar innan krise- og beredskapsarbeidet.....	18
8.	PLAN FOR INFORMASJON TIL FOLK I GISKE, TIL MEDIA OG TILSETTE	19
9.	PLAN FOR EVAKUERING	20
10.	DELPLANAR FOR BEREDSKAP OG KRISE I GISKE – OVERSIKT.....	21
11.	VEDLEGG - INFO	23

1. LOVVERK

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)

Forskrift om kommunal beredskapsplikt:

”§ 4. Beredskapsplan

Kommunen skal være forberedt på å håndtere uønskede hendelser, og skal med utgangspunkt i den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen utarbeide en overordnet beredskapsplan. Kommunens overordnede beredskapsplan skal samordne og integrere øvrige beredskapsplaner i kommunen. Den skal også være samordnet med andre relevante offentlige og private krise- og beredskapsplaner.

Beredskapsplanen skal som et minimum inneholde:

- a) en plan for kommunens kriseledelse som gir opplysninger om hvem som utgjør kommunens kriseledelse og deres ansvar, roller og fullmakter, herunder hvem som har fullmakt til å bestemme at kriseledelsen skal samles.*
- b) en varslingsliste over aktører som har en rolle i kommunens krisehåndtering. Kommunen skal informere alle som står på varslingslisten om deres rolle i krisehåndteringen.*
- c) En ressursoversikt som skal inneholde opplysninger om hvilke ressurser kommunen selv har til rådighet og hvilke ressurser som er tilgjengelige hos andre aktører ved uønskede hendelser. Kommunen bør på forhånd inngå avtaler med relevante aktører om bistand under kriser.*
- d) evakueringsplaner og plan for befolkningsvarslings basert på den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen.*
- e) plan for krisekommunikasjon med befolkningen, media og egne ansatte.*


Oppfølging av krav i lov og forskrift vert dokumentert ved politisk godkjenning i saksdokument og -protokoll.

2. STYRINGSdokUMENT

Styringsdokument for beredskap i Giske ligg føre som eget plandokument, og omtalar følgjande tema:

- Beredskapsleiing og beredskapsråd
- Opplæring
- Øving
- Evaluering
- Oppdatering og revisjon
- Årshjul
- Planstrategi
- Div. beredskapsdokument

3. ORGANISERING AV BEREDSKAPSARBEIDET



Kommunestyret har samla, overordna ansvar og mynde.

Beredskapsleiinga er sett saman av kommuneleiinga og nøkkelpersonell.

Beredskapsrådet er rådgjevande organ med beredskapsleiing og eksterne etatar.

Stabstøtte er administrative hjelpfunksjonar i krisesituasjonar.

Kriseteamet er fagpersonell som kan rykke ut ved behov

Evakuerings- og pårørende gruppe (EPS-gruppe) er leia av kommunalsjef og har ansvar for EPS-sentra i kommunen.

3.1 BEREDSKAPSLEIING

Beredskapsleiinga er ei støttefunksjon for nødetatane politi, brann og ambulanse som har ansvar ved utrykning (jfr. Pkt. [6.1](#)). Beredskapsleiinga sine oppgåver er vist i pkt. 4.1. Ved ei omfattande ulykke eller katastrofe skal rådmann setje krisestab.

Beredskapsleiinga skal i utgangspunktet berre bestå av personar tilsett i kommunen, i tillegg deltek politiet gjennom sin politikontakt for kommunen.

Den kommunale beredskapsleiinga er ein overordna funksjon, og beredskapsleiinga skal ikkje delta på skadestaden. Beredskapsleiinga vil vere dei som i augeblikket har det kommunale ansvaret for å leie krisa.

Det skal i utgangspunktet vere organisasjonen si ordinære leiing som også fungerer som beredskapsleiing. I ei krise må det ikkje herske tvil om kven som er leiaren.

Kan krisa handterast utan at det vert sett stab, er det verksemda si ordinære leiing som leiar krisearbeidet, evt. med ekstra ressursar stilt til rådvelde gjennom rådmannen.

I akuttfasen vil det normalt vere overbefal i brann- og redningstenesta eller LRS som leiar arbeidet.

Rolle	Tittel
Beredskapsleiing	
leiar	rådmann
nestleiar	ass. rådmann
Informasjon, media	ordførar
medlem	Kommuneoverlege, leiar kriseteam
medlem/ evakuering	kommunalsjef
beredskaps-koord.	næringsjef
forsyning	einingsleiar teknisk
Politikontakt	Møre og Romsdal Politidistrikt
Stabstøtte:	
Informasjon og fellestenester	Leiar for Servicekontoret
Sentralbord/ informasjonsentral	Servicekontoret

Dersom det oppstår ein ekstraordinær situasjon som følgje av utbrot av smittsam sjukdom eller større ulukke der det vert behov for:

- organisering av informasjon,

- koordinering av tiltak retta mot pårørande, og dei som vert direkte råka av krisa
- vil beredskapsleiinga bli kalla inn og samla på Giske rådhus. Beredskapsleiinga kan ved behov og utifrå situasjonen utpeike andre til å gå inn i beredskapsleiinga.

Kommunen vil gje informasjon om krisa gjennom media, servicekontoret og på internett/ sosiale media.

3.2 KRISETEAM

Psykososialt kriseteam – «*Kriseteamet*» er personell som er spesielt trena til å hjelpe personar som har vore utsett for store påkjenningar. Gruppa skal drive oppsøkande verksemd for å gje personar som er ramma ved kriser og ulukker tilbod om psykososial oppfølging.

Kriseteamet i Giske vert kalla ut ved behov av leiar i beredskapsleiinga.

Leiar av Kriseteamet er medlem av beredskapsleiinga.

Kriseteamet og/ eller leiar skal delta ved overordna kommunale beredskapsøvingar.

3.3 BEREDSKAPSRÅD

I tillegg til ei fast beredskapsleiing har kommunen eit tverrfagleg samansett beredskapsråd som har til oppgåve å aktivt sjå til at føresetnadene i beredskapsplanen vert teke omsyn til.

Beredskapsrådet vert samansett av

- beredskapsleiinga
- varaordførar
- Ålesund Brannvesen
- Heimevern(materiell-leverandør)
- Ålesundsreg. Hamnevesen, (hamneorg.)
- Siviltforsvaret(ettersøk/materiell-leverandør)
- Mørenett (kraftleverandør)
- Avinor(lufthamn-repr.)
- Raude Kross(frivilleg org., ettersøk-leverandør)
- Kystverket Midt-Norge
- Statens Vegvesen (vegeigar)

Beredskapsrådet skal ha minst eitt møte i året, jfr. oppgåver i kap. 6.5.

Av faste saker i beredskapsrådet er beredskapsplanen og dei mest aktuelle risiko- og sårbarheitsanalysane som er utarbeidd. Dersom det i løpet av året er registrert krisehendingar vil det vere naturleg å informere om dette.

4. ETABLERING AV BEREDSKAPSLEIING

Målsettinga for krisearbeidet i kommunen er å:

- Førebu og redusere sannsynet for at ei større ulukke og krise kan skje.
- Redusere skader og konsekvensane for ulukke eller katastrofe.
- Peike på konkrete tiltak som bør bli gjennomført etter vedteken framdriftsplan.

Beredskapsleiinga vert varsla over mobiltelefon evt. UMS via Lokal Redningsentral (LRS). Det er utarbeidd tiltakskort med rutiner for forskjellige hendingar, lagt i CIM, samt utdelt hurtigkort for beredskapsleiinga og infopersonell ved varsling av hendingar.

4.1 BEREDSKAPSLEIINGA SINE OPPGÅVER

Beredskapsleiinga med rådmann som leiar står for utarbeiding av den kommunale beredskapsplanen.

Ein av dei viktigaste funksjonane til kriseplanen er å syte for at beredskapsleiinga tar i bruk alle tilgjengelege ressursar og normalisere situasjonen raskast mogleg. Desse er kartlagde på førehand og går fram av modul "*Ressursar*" i CIM.

Viktige oppgåver er bl.a.:

- Etablere kontakt med LRS, tlf 02800
- Innhente opplysningar og vurdere situasjonen i kommunen
- Loggføring og dokumentasjon av hending og tiltak
- Gjere vedtak om tiltak for å hindre skade på personar og materielle verdiar
- Prioritere kommunens egne ressursar
- Utarbeide og sende ut informasjon via informasjonsstøttegruppa til egne tilsetteinnbyggjarar og media
- Yte bistand til evakuering
- Innkvartering og pleie av kriseramma og redningsmannskap
- Syte for at personar som har vore utsett for store påkjenningar får hjelp frå kommunen sitt støtteapparat for menneske i krise (Kriseteamet)
- Sikre vass- og strømforsyning

- Rette opp skader på kommunikasjon og andre anlegg
- Gjennomføre rasjonerings- og reguleringstiltak
- Rydde eit skadestad og yte innsats for å beskytte miljøet (skilje mot akuttinnsats, og ordinær opprydding som grunneigar evt. naturskadefond/ forsikringsselskap har ansvar for)
- Vern av kulturelle verdiar
- Gjennomføre førebyggjande tiltak i eigen verksemd
- Sende periodiske rapportar om situasjonen til Fylkesmannen, jfr. rapport til Fylkesmannen i CIM

Utanfor akutt krisesituasjon er det beredskapsleiinga sitt ansvar å syte for at organisasjonen har utvikla og jamleg revidert sitt planverk, at personell, beredskapsleiing, beredskapsråd og lokale samarbeidspartar har naudsynt kompetanse og er tilstrekkeleg øvd i planverk, roller og ansvar.

I rådhuset og på dei andre arbeidsplassane i kommunen skal det vere oppslag som gjev informasjon om beredskapsleiinga.

Det skal nyttast ein fast stad på rådhuset for beredskapsleiinga der det vert lagt til rette for det arbeidet som skal gjerast av beredskapsleiinga. Dette gjeld telefon, data og arbeidsplassar med nødvendig utstyr.

4.2 SETTE STAB

Beredskapsleiinga kan sette krisestab (samle leiinga og evt. fagpersonar) ved varsling av kriser eller katastrofehendingar, slik:

1. Varsling/ innmelding av hending skjer til beredskapsleiar
2. Beredskapsleiar vurderar innkalling av kriseteam og/ eller beredskapsleiing
3. Beredskapsleiar set stab i egna lokale på rådhuset

4.3 SAMARBEIDSORGAN FOR BEREDSKAPSLEIINGA

- Lokal redningssentral (LRS, tel. 02800)
- Fylkesmannens beredskapskontor (Fylkeshuset, tel. 71 25 84 00)

5. BEREDSKAPSLEIINGA SINE FULLMAKTER OG ØKONOMISK ANSVAR

5.1 FULLMAKTER

Kommunestyret har ved vedtaket av beredskapsplanen gitt desse fullmaktene til beredskapsleiinga:

1. Rådmannen avgjer om beredskapsleiinga eller deler av denne skal samlast. Tilsvarande gjeld for kriseteamet.
2. Rådmannen kan etter samråd med beredskapsleiinga avgjere om andre kommunale beredskapsorganisasjonar skal etablerast.
3. Dersom rådmannen ikkje er tilgjengeleg, har assisterande rådmann rådmannen sine fullmakter.
4. Kommunens normale organisasjonsstruktur, delegasjonsreglement og budsjettfullmakter skal så langt som råd nyttast også i ein krisesituasjon.
5. I ein akuttsituasjon, der det ikkje er tid til å kalle saman formannskap eller kommunestyre, har beredskapsleiinga høve til å sette i verk tiltak innanfor ei estimert kostnadsramme på 1.000.000 - ein million - kroner. Summen skal belastast dei relevante ansvarsområda i budsjettet som det er naturleg å nytte for den aktuelle hendinga, og formannskapet eller kommunestyret skal ved første høve ta stilling til om dette krev vidare budsjettmessig oppfølging.

5.2 ØKONOMISK ANSVAR

Kommunen vil normalt stå økonomisk ansvarleg for dei utgifter som påløper i tilknytning til katastrofeinnsats. Det vil seie utgifter den sjølv har tatt initiativ til. Om desse er betydelege, er det mogleg i ettertid å søkje staten om delvis dekking av desse.

Kommunen er, i hht. [Direktiv for redningstenesta](#), pliktig til vederlagsfritt å stille ressursar til disposisjon for den offentlege redningsteneste om dei ber om dette. Normalt vil kommunen på førespurnad kunne få naudsynt støtte frå andre offentlege organ vederlagsfritt i ein krisesituasjon.

Dei bestillingar og rekvisisjonar som skjer gjennom politiet står dei sjølv ansvarleg for. Ein skal vurdere om ansvaret for oppgåva som skal løysast ligg hos politiet og avklare det økonomiske med desse før ein gjennomfører enkeltaksjonar.

6. SAMARBEID OG SAMORDNING AV TILTAK VED KRISER

Kommuneoverlegen er representert i beredskapsleiinga, jfr statleg «[Veileder for psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofer](#)». Ved ulykker og kriser vil kommuneoverlegen ha klare operative oppgåver som vert prioritert. Ei tett knyting til beredskapsleiinga gjev grunnlag for betre oversikt og betre informasjon.

6.1 ANSVARDELING M.O.T. POLITI, LRS OG FYLKESMANN

Politiet har generelt ansvar for å leie (leiing betyr også informasjonsansvar) ved -

- redningsaksjonar der det er fare for tap av menneskeliv, fare for skade på menneske med tap av store verdiar.
- saker der det er utført straffbare handlingar eller det er mistanke om dette.

Kommuneleiinga skal ikkje kommentere hendingar som vil bli etterforska for straffbare handlingar, også om forhold som ikkje direkte vedkjem etterforskinga. Dersom i tvil: kontakt LRS.

LRS kan i samråd med kommunen overta deler av ansvaret for krisehandteringa til den kommunale beredskapsleiinga.

Kommunen vil normalt ha ansvaret for beredskapsleiinga for hendingar som strekk seg over lengre tid og der fare for menneskeliv er lav, t.d. ved ekstreme vêrtilhøve.

Møre og Romsdal Politidistrikt har pt. ansvar for å rekvirere pleie av ramma (husly/innkvartering, mat o. l.) ved hendingar der dette er naudsynt.

6.2 KOMMUNALE INNSATSORGAN

Dersom det oppstår ein omfattande ulykke eller katastrofe, og ressursane til dei ordinære innsatsorgana ikkje strekk til, kan kommunen bli engasjert i rednings- og oppryddingsaksjonar. I slike situasjonar kan det bli stilt store krav til innsatsen frå kommunen, også ut over det å stille ressursar til disposisjon.

Brannvesenet

- Brann, ulykker der det er behov for reiskap og kompetanse som brannvesenet har.

Kriseteam og kommuneoverlege

- Giske kommune har ein beredskapsplan for korleis hjelp og omsorgsarbeid i kommunen skal utførast ved større ulukker og krise. (Jf. Helse- og sosial beredskapsplan og EPS-plan (Evakuering og pårørandesenter) - Utrykte vedlegg).

Teknisk eining - uteavdelinga

- Kommunen rår over utstyr og personell som kan setjast inn ved t.d. opprydding eller istandsetjing av konstruksjonar og installasjonar.

6.3 EKSTERNE ORGANISASJONAR

- **Flyplassen:** Eigen organisasjon for krisehandtering. Flyplassen kan gi støtte ved t.d. brann
- **Sivilforsvaret:** Depot for hjelpeutstyr og personell som kan delta ved krisehandtering.
- **Heimevernet:** Depot for hjelpeutstyr og personell som kan delta ved krisehandtering.
- **Ålesund sjukehus:** Depot for hjelpeutstyr og personell som kan delta ved krisehandtering.
- **Frivillige organisasjonar** (Jf. Varslingsliste – utrykt vedlegg): Frivillige organisasjonar kan bli trekt med i det årlege planarbeidet med krisehandtering. Det er særleg viktig at beredskapsleiinga er kjent med kapasitet og kompetanse i desse gruppene.

6.4 PLANREVISJON OG SAMORDNING

Planverk skal reviderast i hht. forskrift. Overordna beredskapsplan kvart år og ROS-analyse kvart 2. år og styringsdokument. Forøvrig vert detaljerte lister og oversikter lagt ut og ajourført fortløpande på det elektroniske støttesystemet DSB-CIM.

Planverket sine mål og fokusområde for samfunnssikkerheit går fram av gjeldande kommuneplan. Ny kommuneplan med ROS-analyse for arealdelen er under revisjon for framlegging til politisk godkjenning sommaren 2018.

Målet for den kommunale beredskapen er å sette kommunen i stand til å handtere kriser, katastrofar og større ulykker i fredstid med minst moglege skadeverknader, ulemper og uro i samfunnslivet. Det er utarbeidd ein kommunal beredskapsplan (KBP) som vert rullert med jamne mellomrom. Det er også etablert eit beredskapsråd og eit kommunalt kriseteam. Arealdelen til kommuneplanen omtalar Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) i kommunal samanheng.”

”Risiko og sårbarheit

Det er enten klima eller menneskeskapte installasjonar/ verksemder som er årsaka til ulukke og krise. Det er likevel slik at kraftig vind kan føre til skader og det er viktig at det som vert bygt i kommunen har tilfredsstillande konstruksjonar og liknande for å motstå naturkreftene. Stormflo og høge bølger kan gjere skade på eksisterande byggverk som naust, sjøhus, moloar m.m. Alnes har i denne samanheng den mest utsette hamna i kommunen. Det er venta eit aukande behov for småbåthamnar, og det er særleg viktig å sikre desse.

Vegen/ brua over Gjøsund og mellom Ytterland og Giske har i heilt særskilde høve blitt stengde på grunn av sjøsprøyt og bølger. Det er utført sikringsarbeid for å motvirke dette. Det er ikkje registrert områder i kommunen med busetnad som i særleg grad er utsett for flom og ras. Etter at Alnes-tunnelen sto ferdig, er vegen til Alnes tilfredsstillande sikra mot ras. Rasfaren i kommunen er avgrensa til nokre få stader der det er liten fare for steinsprang og erosjon av sand og leire i samband med utgraving av bustadtomter.

Det er ikkje registrert verksemder i kommunen med høg risiko for brann og eksplosjon eller farlege kjemiske produkt. På flyplassen er det lager av drivstoff til fly. Tilførsel av drivstoff kjem med tankbil på riksvegen frå Ålesund.

Giske kommune har vedteke eigen kriseplan. Kommunen sin beredskapsleiing vil bli etablert (sett stab) ved større ulucker knytt til flyplassen, trafikken på sjø og vegnettet og liknande. Det er ikkje merka særskilde områder i arealplanen som er ueigna til busetnad. Ved regulering og utbygging i kommunen kan det bli stilt krav om ROS – analyse og KU før tiltaket vert lagt fram for politisk behandling/ vedtak.”

Klimaendringar vil i framtida gjere strandsona meir utsett for naturskade ved storm og stormflo, og verke inn på bygg og bustader i strand- og sjønære område. Arealdelen vil difor ta omsyn til slike endringar med bl.a. fastsetting av byggegrense over sjøvannstand.

6.5 ÅRSHJUL

Årshjulet skal sikre faste rutinar for revisjon og oppfølging av tiltak. Årsplan skal settast opp av beredskaps-leiinga i samarbeid med beredskapsrådet. ROS-analyser skal ligge til grunn for revisjon av overordna beredskapsplan og del-planer.

Årshjulet skal ha slikt innhald, jfr. også Styringsdokumentet pkt. 7:

- **Møte:** Beredskapsleiinga skal ha min. 3 møte i året i tillegg til møte ved faktiske hendingar, eksterne møte i samband med øvingar og før ferietid. Beredskapsrådet skal ha minst eitt møte årleg (sjå også pkt. 2.3 om oppgåver).
- **Evaluering:** Beredskapsleiinga og kriseteamet skal gjennomføre evaluering etter øvingar og faktiske hendingar.
- **Kompetanse:** Personar involverte i beredskapsleiing, stabsstøtte og kriseteam skal delta i øvingar etter årleg øvingsplan. Personar med sentrale roller skal få nødvendige opplæring i sine roller.

- **Personer med roller innan beredskap:** Fordelingsliste reviderast fortløpande for beredskapsplaner.
- **ROS-analyser:** Arbeidet med ROS- analysane vil bli gjennomført som gruppearbeid i faste samlingar for personell i beredskapsleiinga.
- **Beredskapsleiing** – rullere personell fortløpande ved kommuneval og personellendingar.

6.6 BRUK AV CIM

Giske kommune skal nytte det elektroniske varslings- og loggsystemet DSB-CIM.

Beredskapsplanverk, ressurslister og namne-/ varslingslister vert lagt ut ut på DSB-CIM når nye planer vert ajourførte.

Personar med roller innan beredskapsleiing skal få opplæring i bruk av systemet.

7. ROS – ANALYSAR

I dei siste åra er det registrert hendingar som:

- Transportulukke på sjø med brann i fartøy
- Transportulukke i tunnel med brann
- Varsling om stenging av EI- forsyninga for lengre tid
- Brot på EI- forsyning og telefonsamband
- Ras og øydelegging pga. store bølger
- Stans i vassforsyninga
- Leiteaksjon
- Stengt tunnellsamband
- Lyngbrann

Det er utarbeidd 35 scenarier for hendingar frå 5 fokusområde henta frå nasjonalt beredskapssystem. Beredskapsleiinga vedtok 2013-14 å gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS- analysar) av følgjande moglege hendingar:

- LIV OG HELSE: epidemi/ pandemi: **Storutbrot av smitte** (jf. Fugleinfluensa, vannbåren smitte o.l.)
- ULUKKER OG KATASTROFER: **Større vegtrafikkulukke med døde og såra personar**
- SYSTEMSVIKT: **Totalt fråver av straum over 24 timar** (med følge for kommunikasjonar, IT, oppvarming, kjølesystem m.m.)
- KLIMA OG NATUR: **Storm og orkan m/ stormflo** (jf. Dagmar-orkan jula 2011)
- TERROR OG KRIMINALITET: **Tema er avhengig av tenesteområda sine funksjonar** og vert difor vald ut av det einkilde tenesteområde. NB! Grunna statlege krav er "skuleskyting" tema for ROS-analyse på tenesteområde skule-/ barnehage.

Hausten 2016 vart det utarbeidd ROS-analyse ved scenario «**stengt tunnellsamband**», Denne er tillegg til heilskapleg ROS-analyse av 2014. Eigen ROS-analyse til ny kommuneplan er utarbeidd og knytt til arealdelen. Den er delt inn i tema naturbasert risiko, verksemdsrisiko, sårbare objekt og beredskapstiltak. Hendingane i ROS-analysar vil variere i storleik, og fleire av desse hendingane kan skje i same tidsrommet eller vere knytt saman i ei ulukke. Det vil derfor vere store skilnader på kva slag tiltak som må setjast i verk.

Arbeidet med ROS-analysane vert gjennomført med personell i beredskapsleiinga og på aktuelle arbeidsplassar som er øyremerka til sentrale oppgåver – jf. Varslingslister.

7.1 REGISTRERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT

Det er utarbeidd Heilskapleg ROS-analyse for Giske kommune med representantar frå tenesteområda. ROS-analyse er godkjent i Giske formannskap 27.01.14, (f.sak 006/14).

Følgjande hendingar og tiltak går igjen i dei fleste fokusområda, uavhengig av faggruppe som har levert ROS-analyser:

Hendingar	Tiltak*
Fråverande personell og tenestenivå	beredskapsplanlegg. på fagnivå
	Informasjonsplanlegging
	beredskapsrutiner
	Omdisponering av personell
Personskader, omkomne	Øvingar
	kompetansetiltak
	Kontrollsystem
	Tilgjengeleg samband med nødetatar og einingar
Bortfall av utstyr	Alt. utstyr og samband
	Alt. rutiner og beredskap
	Sikring av utstyr og samband
Privat sektor får problem ved uventa hendingar	Eigensikring av kritisk utstyr/ tenester

Tiltak kan generelt sett vere -

- **Førebyggjande** gjennom planlegging, øvingar, anskaffing av reserveutstyr og -materiell
- **Krisetiltak** gjennom øving i handlingskompetanse, etablering av planer og rutiner for krisehendingar og informasjon/ samband med berørte faggrupper og lokalbefolkning
- **Etterarbeid** gjennom evaluering, oppfølgingsplanar og -tiltak samt informasjonsverksemd i førebuing for kommande hendingar.

Moglege hendingar	Risikofaktor	Prioriterte tiltak
LIV & HELSE		
Smitteutbrot - pandemiar	Sjukemeldt eller heimeverande personell (barnevakt), smittespreiing, manglande el. overlasta helse- og tenestetilbod, manglande vaksiner, sjuke/døde bebuarar, høgare lønskostnader.	<p><u>Innbyggjarrelaterte tiltak</u>: Det er lagt vekt på tiltak som hindrar eller minskar utbrot generelt i befolkninga (etablerte smittevernplanar, vaksinasjon, isolat, publikumsinformasjon, stenging av møteplassar og off. institusjonar mv.).</p> <p><u>Tilsette</u>: Epidemiar og smitteutbrot vil senkje kommunen sitt tenestenivå pga. sjukmeldte eller manglande personell og påverke kommunen sitt handlingsrom. Det kan oppstå følgje-verknader med behov for ekstern/ utanforståande kapasitet og kompetanse om nøkkelpersonell vert fråverande. Føreslåtte tiltak er bl.a. å ha oppdaterte smittevernplanar og gode hygienerutiner, god interninformasjon, vaksinasjonsprogram, omplassering og omprioritering av personell.</p>
ULUKKER & KATASTROFAR		
Brann, vegulukker	<u>Personskade/-død</u> : Brukarar eller tilsette kan brenne inne i bustader, på arbeidsplassen eller kome til skade. Det vil oppstå panikksituasjonar, utstys- og inventar-skadar.	Skadeavgrensande eller førebyggjande tiltak omfattar faste kriseøvingar og kompetansehevingstiltak blant tilsette. Det må vere utarbeidd rutinar for å førebygge brann. Det inngår også behov for gode, kvalitetssikra

	<p>Publikum og tilsette får informasjonsbehov.</p> <p>Det kan oppstå vegulukker med barn på busstur (skulereiser, b.hageturar). Vegstandard-tiltak som SOS-stasjoner, slukke-apparat i tunnellar, forbod mot fotgjengarar langs veg er avgjerande for å avgrense og førebygge vegulukker og -katastrofar. Vegulukker kan føre til stengte vegsamband.</p>	<p>intern-rutiner og kontrollsystem. Kritisk utstyr (IT, samband) må sikrast spesielt mot ulukker. Ved reise-/ transport-ulukker er det viktig å sikre personell og reisande, og ha samband via telefonnett. Det må og leggjast planer for omdisponering av personell og utstyr om samband er ulukkesstengte.</p>
Miljøutslepp	<p>Ved miljøutslepp/ olje-katastrofe i sjø, kan det oppstå vanskar med tilkomst for opprydding/ avgrensing av skade.</p>	<p>Det må leggjast til rette for alternative transportmiddel.</p>
SYSTEMSVIKT		
El.forsyning	<p>Det kommunale telefon-sambandet kan svikte fordi det er IT-basert (IP-telefoni). Vatn-/ avløp-sektoren med pumpe-stasjoner kan stanse opp pga. svikt i styringssystem. Livsviktig utstyr i Pleie/ omsorgssektoren er straumbasert og fell ut. Oppvarming, lys, internett-samband og ventilasjon fell ut. Mobiltelefon-sambandet kan svikte. Elektrisk utstyr fungerer normalt ikkje.</p>	<p>Ein må vere merksam på utstyr og tenester utan tilstrekkeleg aggregat-kapasitet. Viktigaste tiltak for å avgrense sannsyn eller konsekvensar av straumbrot er etablering av straum-aggregat på viktige/ sårbare punkt som enno ikkje har dette. Det må vere redundans (alternative linjenett) i data- og straumnett. Det må også etablerast rutinar og beredskap for evt. straumbrot i alle einingar med viktige beredskaps- og omsorgsfunksjonar. Satellitt-tlf. er innkjøpt og rutinar for varslings-/ informasjonstiltak for innbyggjarane er etablert.</p>
Tekniske anlegg, vassforsyning	<p>Avløp stoppar pga. pumpe-stasjoner og data ute av drift, landbruk og bedrifter får problem med produksjon, off. saksbehandling stoppar pga. manglande IT-system.</p>	<p>Varsle privat sektor om at dei sjølv må ta høgd for straumstans for å sikre eigen produksjon.</p>

KLIMA & NATUR		
Orkan, stormflo	Telefon- og straumbrot, byggskader og -øydeleggingar, fare for liv og helse, hindra nød-utrykning, stengte trafikk-/vegsamband, manglande tenestetilbod (folk kjem ikkje på arbeid), flom i kjellarar, tilbakeslag i pumpestasjonar.	Kontakt nødetatane for hjelp, etablere rutiner for moglege orkan- og stormflo-hendingar, omdisponering av personell og utstyr.
TERROR, KRIM, UVENTA HANDLINGAR		
Skuleskyting	panikk, gisselsituasjonar, skade på liv og helse, stengte rømmingsvegar.	Varsle politiet omgåande, gode rutiner ved hending, rutinar for evakuering, ein.leiar tar leiinga til nødetatane kjem, avstenging av området, gjennomføre øvingar.
Hærverk	materielle skader, IT-stans med følgjeskade - stans i vass-forsyning, innbrot/ uønskt besøk, tjuveri.	Politianmelding, politivarsling, lås-sikring av kommunale verdiar og eigedom.
Vald og trugsmål	valdstrugsmål mot tilsette, bombetrugsmål.	politivarsling, politimelding, tenestenekt/ avbrot i tenestetilbod, valds-alarm, sikringsrutinar for personell.

SYSTEMSVIKT

Langvarig stengde tunnelsamband	<p>Nødetatane frå fastlandet får lengre utrykningstid</p> <p>Flyreisande til / frå Sunnmørs-regionen må kansellere eller nytte andre reisemåter og -tider</p> <p>Pendlarar kjem seg ikkje på arbeid på øyane eller fastlandet</p>	<p>Båt- og ferje-samband omdisponerast og setjast inn til erstatning for stengte tunnelsamband.</p> <p>Flyttbare ferjekaier står i beredskap som ferjekaier på Godøya / Valderøya.</p> <p>Parkering og offentleg transport: Parkeringsplassar stillast til disposisjon ved ferjekaier. Ekstra busstransport setjast opp for å avlaste behov for persontransport.</p>
---------------------------------	---	--

	<p>Innbyggjarar får ikke tilgang på servicefunksjonar, mat-forsyningar o.l.</p> <p>Næringsliv og kommune-administrasjon får ikkje tilsette på arbeid, får ikkje levert varer og tenester og får ikkje tilgang på vareforsyningar til produksjon</p>	<p>Planlegging og regulering:</p> <p>Ved etablering av alternative samband må område for båt- og ferjekaier planleggast ved områderegulering.</p> <p>Rutiner og oppsett hos veg- og ruteeigar for omlegging av ferje-/båtruter inkluderar Giske kommune.</p>
--	---	---

7.2 MÅL OG STRATEGIAR FOR PRIORITERINGAR INNAN KRISE- OG BEREDSKAPSARBEIDET

Punkta under er utarbeidd som følgje av dei momenta som er kome fram gjennom heilskaplege ROS-analyser:

1. Mål:

Sentrale tenesteområde i kommunen skal med utgangspunkt i heilskapleg ROS-analyse være førebudde på uønskte hendingar og kunne gjennomføre krisetiltak for å senke konsekvensane av hendingar.

2. Strategi:

- Det skal vere utarbeidd førebyggjande rutinar for å handtere uønskte hendingar i tenesteeiningane
- Det skal vere utarbeidd oversikt over tilgjengelege ressursar og personell i kvar eining med sikte på å motverke uønskte hendingar
- Det skal jamleg gjennomførast øvingar i å handtere krisetiltak ved uønskte hendingar

3. Prioriteringar:

Med utgangspunkt i heilskapleg ROS-analyse (jfr. pkt. 6.1 over) skal tenesteområda prioritere eigne rutinar og tiltak.

4. Oppfølging:

- Tenesteområda skal kvart år rapportere sine prioriteringar og tiltak i eigen plan til beredskapsleiinga.

8. PLAN FOR INFORMASJON TIL FOLK I GISKE, TIL MEDIA OG TILSETTE

Ordfører er leiar og rådmannen er nestleiar for informasjonen når beredskapsleiinga er etablert. Informasjonspersonell ved kriser har fast plass hos ordfører evt. i tildelt rom på Giske rådhus.

Målet er at Giske kommune skal ha robuste varslings- og informasjonssystem tilpassa hovudtrugsmåla, og evakueringsystem og –stasjonar for aktuelle hendingar.

Kommunen har i dag, eller kan nytte, følgjande varslingsystem for å nå innbyggjarane:

- **UMS – varsling:** Talevarsling eller SMS via telefon til faste abonnentar (fasttlf. og mobil)
- **Internettvarsling:** Info lagt ut på kommunal heimeside <http://www.giske.kommune.no> og på Facebook www.facebook.com/Giskekommune.
- **Media:** Informasjon via NRK-radio

Intern-samband:

- Etatane og tilsette sine mobiltelefonar
- Nødetatane sine eigne internsamband
- Nødnett for nødetatane, beredskapsleiinga, teknisk og pleie/omsorg/helse (HDO)
- Satellitt-samband: Satellitt-telefon for beredskapsleiinga
- Internsamband og loggføring mv. på internett (DSB-CIM)

I ROS-analyser er det peika på viktigheita av å ha klare varslings- og evakueringsrutiner.

Instruks til informasjonsansvarleg i beredskapsleiinga

1. Ordføreren er ansvarleg for all informasjon som vert gitt av beredskapsleiinga.
2. Informasjonen vert berre gitt til faste tider eller etter avtale. All informasjon må bli gitt vidare så snart dette er høveleg.
3. Ansvarleg for media skal ikkje gje intervju til media eller gå inn i ein spørsmål/ svar situasjon i samband med orientering om krisa.
4. Informasjon om krisa skal vere rett så langt dette er mogeleg, og informasjonen skal difor bli kontrollert gjennom fleire kjelder.
5. Næraste pårørande har førsterett på opplysningane frå ulukka/ krisa, og informasjon knytt til personar skal difor skjermast.

Oppgåvene til informasjonstenesta

1. Innhente opplysningar om situasjonen og rapportere vidare.
2. Gje innbyggjarane informasjon om situasjonen.
3. Gje informasjon for å bidra til at skadane vert minst mogeleg og hindre at nye farlege situasjonar kan skje.

4. Informere om helsemessig og sosiale forhold, vareomsetting energi, kommunikasjon osv.
5. Informere egne tilsette.
6. Informere media.

Klargjering ved informasjonsinnhenting

Beredkapsleiinga skal gje media og andre interesserte klår og rett informasjon om kva som har skjedd og kva som skal skje den næraste tida. For å kunne gjere dette må dei som kjem til åstaden gje best mogleg informasjon til beredkapsleiinga.

Denne informasjonen bør bli gitt etter ein fast ordning:

- Kven gjev rapporten
- Tid og stad for rapporten
- Kven andre er på staden
- Kva har skjedd
- Kva slag skader – kor mange - særlege problem
- Behov for særskild hjelp eller særskilde ressursar
- Forhold som må bli vurdert av beredkapsleiinga og drøfta på orienterings / debriefingsmøte.

I beredkapsleiinga har ordførar ansvar for kontakt med media/ informasjonsarbeid.

Personell som får informasjonsansvar skal bli trena/ kursa i slikt arbeid.

Når lokal redningsssentral (LRS) kjem i gong vil informasjonskravet til beredkapsleiinga bli redusert og underlagt redningsssentralen.

Aktuelle media i kommunen:

- **Radio/ TV:** NRK – lokal
- **Aviser:** Øy-Blick (lokalavis i kommunen), Sunnmørsposten
- **Nettsida** til Giske kommune www.giske.kommune.no og på
- **Facebook:** www.facebook.com/Giskekommune .
- **Kontaktperson i Møre og Romsdal fylke:** Beredkapsansvarleg.

9. PLAN FOR EVAKUERING

Eigen plan for Evakuerte og pårørandesenter (EPS-plan) er utarbeidd.

Opgåver er evakuering av personar frå skadeområdet, eller eit utsett område i kommunen, til eit anna område i eller utanfor kommunen, Evakuering- og pårørandesenter (EPS).

Ansvar:

- kommunalsjef for pleie, helse og omsorg

Instruks/ oppgåveliste for evakueringsarbeidet:

1. Skaffe oversikt over evakueringsområdet
2. Informere dei som skal evakuerast om kva dei skal ta med av klede, mat etc.
3. Skaffe eigna transport.
4. Samle dei evakuerte i eigna lokal til transporten kan gjennomførast.
5. Sørgje for at innkvarteringsstaden er tilfredsstillande utstyrt i sanitærrrom, kvilerom, isolasjon, og fellesrom for opphald og matsservering.
6. Registrere kven som vert evakuert og kor desse til ein kvar tid er.
7. Kontrollere og vakte det evakuerte området.
8. Gje bistand ved behandling av fysisk og eventuelt psykisk skadde personar.
9. Samarbeide nært med LRS/ skadestadleinga.
10. Sørgje for forpleiing og klede.
11. Sørgje for omsorg, avtale med prest/ frivilljuge organisasjonar, Frelsesarmeen etc.
12. Gje løypande informasjon

Liste over aktuelle EPS i kommunen:

- Skulane i kommunen
 - Idrettshallane
 - Omsorgssentra
 - Forsamlingshus
- sjå EPS-plan i DSB-CIM for detaljar.

10. DELPLANAR FOR BEREDSKAP OG KRISE I GISKE – OVERSIKT

Beredskapsdokument for kommunale einingar:

I CIM ligg oversikt over beredskapsplaner med ansvar, samt andre aktuelle dokument. Lista under vert oppdatert ved kvar revisjon.

EINING	ANTALL	PLANDOKUMENT	AJOUR	REVISJON
STAB				
Stab	1	Heilskapleg ROS-analyse	2014	2017
Stab	2	Tunnel-ROS langvarig stenging	2017	2019
Stab	1	Overordna beredskapsplan	2016	2017
Stab	1	Styringsdokument	2016	2018
Stab	1	Beredskap ved streik	2014	2018

BARNEHAGAR

Vigra barnehage	1	Bered.plan- "ulykke og død"	2013	2017
Giske Oppvekstsenter (barnehage)	1	Bered.plan for Giske barnehage	2016	2017
Giske Oppvekstsenter (barnehage)	1	Eigen rutinemappe	2016	2017
Tryggheim barnehage	1	Prosedyre mot terrortrussel	2017	2018
Skjong barnehage*	1	PBL Mentor (nettbasert)	2017	2018
Daggry barnehage *	1	Rutine mot terrortrussel	2016	2017
Myra barnehage*				
Gnist barnehage, Nordstrand *	1	Personalhåndboken	2015	2018
Gnist barnehage, Sætra*	1	Personalhåndboken	2015	2018

* = privat barnehage

SKULAR

		Alle skulane har: Kriseportalen: Kriseperm for grunnskulen v/ Personalomsorg AS Eigen digital beredskapsperm med oppdatering frå leverandøren.		
Alnes Skule	1	Kriseportalen	2017	2018
Godøy barne- og ungdomsskule	1	Kriseportalen	2017	2018
Giske Oppvekstsenter (skule)	1	Kriseportalen	2016	2017
Valderøy ungdomsskule	1	Kriseportalen	2017	2018
Valderøy ungdomsskule	1	SMS v/trussel mot skulen	2014	
Valderøy barneskule	1	Kriseportalen	2015	2018
Vigra skule	6	Kriseportalen + 6 delplanar	2014	2016

HELSE, PLEIE, OMSORG

Pleie, omsorg (PLO)	1	Smittevernplan Giske kommune	2012	
Vigra, Giske, Godøy omsorgsdistrikt	1	ROS-Analyse Pleie og omsorg	2017	
Vigra, Giske, Godøy omsorgsdistrikt	1	Lokal evak.plan for Vi./Gi./ Go oms.distr.		2017
Valderøy omsorgsdistrikt	1	ROS-analyse ved ØHD, GOS Plan for helse og sosial		
Barn, familie, helse (BFH)	1	beredskap	2005	
Barn, familie, helse (BFH)	1	Helse og omsorgsplan	2016	2016
Barn, familie, helse (BFH)	1	Pandemiplan	2009	2020
NAV Giske	1	Lokal bered.plan for NAV Giske	2016	2018

ANDRE TENESTEOMRÅDE

Teknisk	1	Bered.plan for vassverket	2005	2018 (u.a)
Teknisk	1	B.plan mot akutt forureining	2012	
Teknisk	1	ROS Brann og Redning Giske	2017	

11. VEDLEGG - INFO

Detaljerte varslingslister og ressurs-oversikter vert fortløpande lagt ut og revidert på DSB-CIM: Listene er unntatt offentlegheit av beredskapsomsyn.

Liste over ansvarlege roller for overordna beredskapsleiing og beredskapssekretariat/stabstøtte ligg i beredskapsplanen, [pkt. 2.1](#).

11.1 VARSLINGSLISTER (på DSB-CIM):

- Beredskapsleiing
- Beredskapsråd
- Kriseteam
- Eksterne organisasjonar
- Frivillige organisasjonar

11.2 RESSURS-OVERSIKTER (på DSB-CIM):

- Kommunale ressursar
- Private ressursar